

---

# DELEGERINGSREGLEMENT FOR FINNØY KOMMUNE

VEDTAK KS-003/17, 15. FEBRUAR 2017

---

Versjon 1.1, revidert etter vedtak KS-049/17, 14. juni 2017

## INNHALD

---

KAPITTEL 1 .....	3
FØREMÅL OG GENERELLE FØRESEGNER .....	3
Føremål og målsettingar .....	3
Generelle føresegner .....	3
KAPITTEL 2 .....	5
KOMMUNESTYRET SIN EIGEN MYNDIGHET SOM IKKJE KAN DELEGERAST .....	5
KAPITTEL 3 .....	6
KJØP OG SAL AV EIGEDOM .....	6
KAPITTEL 4 .....	7
DELEGERING AV MYNDIGHET TIL FORMANNSKAPET .....	7
a) Delegering etter kommunelova .....	7
b) Delegering etter budsjett- og rekneskapsforskriftene § 11 .....	7
c) Delegering etter særlov .....	7
d) Øvrige føresegner .....	8
KAPITTEL 5 .....	10
DELEGERING AV MYNDIGHET TIL ORDFØRAREN .....	10
KAPITTEL 6 .....	11
DELEGERING AV MYNDIGHET TIL FORVALTNINGSSTYRET .....	11
KAPITTEL 7 .....	13
DELEGERING AV MYNDIGHET TIL FORHANDLINGSUTVALET .....	13
KAPITTEL 8 .....	14
PARTSSAMANSETT UTVAL ETTER KOMMUNELOVA § 25. ADMINISTRASJONSUTVALET .....	14
KLAGENEMND .....	14
KAPITTEL 9 .....	15
DELEGERING AV MYNDIGHET TIL RÅDMANNEN .....	15
a) Delegering etter kommunelova .....	15
b) Delegering etter særlov .....	16
KAPITTEL 10 .....	20
DELEGERING AV MYNDIGHET TIL ENKELTE TENESTEMENN .....	20

---

# KAPITTEL 1

---

---

## FØREMÅL OG GENERELLE FØRESEGNER

---

---

### FØREMÅL OG MÅLSETTINGAR

---

Delegeringsreglement i Finnøy kommune skal leggja tilhøva til rette for lokalpolitisk styring og effektiv tenesteyting, forvaltning og administrasjon.

Reglementet har desse målsettingane:

- Å leggja til rette for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- Effektiv og god saksbehandling i kommunen
- Å styrkja rettstryggleiken for kommunen sine brukarar
- Å klargjera ansvarsdelinga mellom folkevalde organ og administrasjonen
- Dei folkevalde skal kunna konsentrera seg om overordna prinsipp, planlegging og styring.

---

### GENERELLE FØRESEGNER

---

#### 1.1 *Generell myndighet*

Kommunestyret fattar vedtak på vegne av kommunen så langt anna ikkje følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

#### 1.2 *Retningslinjer for bruk av fullmakt*

All delegert myndighet skal utøvast i samsvar med dei saksbehandlingsreglar som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk. Elles skal delegert myndighet utøvast innanfor budsjett og økonomiplan, og innanfor reglement og retningslinjer vedtatt av overordna organ.

#### 1.3 *Tilbakekalling av delegert myndighet*

Den delegerte myndigheten kan når som helst bli trekt tilbake. Dette gjeld også for enkeltsaker.

#### 1.4 *Rett til å unnlata bruk av delegert myndighet*

Den som har fått delegert myndighet kan i særskilte tilfelle overlata til overordna organ å treffa avgjerd i ei konkret sak.

#### 1.5 *Omgjeringsrett og rett til å bringa sak inn for overordna organ*

Eit overordna organ kan av eige tiltak omgjera eit enkeltvedtak utan at dette er påklaga, jf. forvaltningslova § 35.

Dersom rådmannen finn at eit vedtak fatta av formannskapet/fast utval er i strid med lov, forskrift eller delegeringsvedtak, kan rådmannen bringa saka inn for kommunestyret.

Rådmannen kan ikkje i noko tilfelle gå imot vedtak fatta av kommunestyret.

1.6 *Mindretalsanke*

I saker der eit politisk utval har fått delegert myndighet frå kommunestyret, kan minst to medlemmer av utvalet, ordføraren eller rådmannen før møtet er slutt krevja saka lagd fram for kommunestyret til avgjerd.

1.7 *Vidaredelegering*

Formannskap og forvaltningsstyret kan vidaredelegera avgjerdsmyndighet i følgjande tilfelle, dersom kommunestyret ikkje har bestemt anna, eller anna ikkje følgjer av lov:

- Delegera til utval som er nedsett for å greia ut spesielle spørsmål. Slike utval kan også få myndighet til å avgjera enkeltsaker som har direkte tilknytning til utvalet sitt oppdrag, jf. kommunelova § 10 nr. 5.
- Delegera myndighet til rådmannen for å treffa vedtak i enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

1.8 *Rådmannen sin delegerte myndighet*

Rådmannen sjølv utarbeider, innanfor rammer fastsette av delegerande organ, retningslinjer for intern vidaredelegering og bruk av slik delegert myndighet.

## KAPITTEL 2

### KOMMUNESTYRET SIN EIGEN MYNDIGHET SOM IKKJE KAN DELEGERAST

Kommunelova legg myndigheten på fleire område til kommunestyret sjølv. Det vil seia at desse myndighetsområda ikkje kan delegerast til andre folkevalde organ eller til rådmannen.

<u>§§</u>	<u>Myndighetsområde</u>
7 nr. 3	Endring av talet på kommunestyremedlemmar.
8 nr. 1,3	Val av formannskap (nr.1) og å vedta ansvars- og myndighetsområde for formannskapet (nr.3).
9 nr. 1	Val av ordførar og varaordførar
10	Oppretta faste utval, bestemma ansvars- og myndighetsområde for utvala, val av medlem og varamedlem i faste utval, omorganisera og/eller leggja ned faste utval og komitear m.m.
10 a	Oppretta kommunestyrekomitear til saksførebuing og fordela medlemmar m.m.
11	Oppretta styre for kommunale institusjonar, bestemma samansetting av styre (kommunale institusjonar), omorganisera eller leggja ned styre.
13 nr. 1	Gje hastekompetanse til formannskapet og/eller faste utval
15 nr. 3	Suspendera folkevalde frå verv
16 nr. 5	Supplera talet på varamedlemmer
17 nr. 4	Nyvalt kommunestyret sin myndighet til å vedta neste års budsjett
22 - 24	Tilsetja administrasjonssjef, innføra åremålstilsettingar
25 nr. 2	Val av kommunen sine representantar og vararepresentantar i partssamansette utval.
26 nr. 4	Vedta retningslinjer for møterett for tilsette i utvalg som behandlar saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette
27 nr. 1	Vedta oppretting av styre for interkommunalt samarbeid og vedta styret sin kompetanse
28 b ff.	Overdraging av tariffmyndighet, vertskommunesamarbeid
30 nr. 3	Vedta reglar for føring av møtebok/protokoll frå møte i folkevalde organ, vedta at møter i andre organ eller i visse sakstypar skal vera lukka, vedta at særskilte saker eller sakstypar skal behandlast bak lukka dører når utval gjev innstilling
39	Vedta delegeringsreglement, innstillingsrett til politiske utval
39 a ff.	Vedta utvalsreglement, ta stilling til forslag som er framkome på bakgrunn av innbyggjarinitiativ
40 nr. 5	Vedta reglar for folkevalde sin innsynsrett
41 nr. 1, 2	Vedta reglar for dekning av folkevalde sine utgifter og økonomisk tap
42	Vedta reglar for folkevalde si arbeidsgodtgjersle
43	Vedta pensjonsordning for folkevalde
44 nr. 6	Vedta økonomiplan eller endringar i denne
45, 48	Vedta neste årsbudsjett, årsrekneskap
52 - 56	Gje reglar om eigen finansforvaltning, vedta betalingsinnstilling
62 - 69	Diverse føresegnar om foretak
77, 78	Val av kontrollutvalet, vedta revisjonsordning, velja revisor

I tillegg legg fleire særlover ansvaret for somme område til kommunestyret sjølv.

## KAPITTEL 3

### KJØP OG SAL AV EIGEDOM

Ansvar og fullmakter ved kjøp og sal av fast eiendom er fastsette i tabell under.

<b>Kjøp/sal av eiendom</b>	<b>Eiendom &gt; 1mnok</b>	<b>Eiendom &lt; 1 mnok</b>	<b>Mindre areal, arronderingar, makebyte &lt; 200 kvm</b>	<b>Bustadtomt i kommunale felt</b>
KJØP – Godkjenning	Kommunestyret	Formannskapet	Forhandlings- utvalet	I/A
KJØP – Forhandling/tilråding	Forhandlings- utvalet	Forhandlings- utvalet	Forhandlings- utvalet	I/A
KJØP – Utarbeiding/signering/ iverksetjing av avtale	Rådmann	Rådmann	Rådmann	I/A
SAL – Godkjenning	Kommunestyret	Formannskapet	Forhandlings- utvalet	Formannskapet
SAL – Forhandling/tilråding	Forhandlings- utvalet	Forhandlings- utvalet	Forhandlings- utvalet	Rådmann
SAL – Utarbeiding/signering/ iverksetjing av avtale	Rådmann	Rådmann	Rådmann	Rådmann

## KAPITTEL 4

---

### DELEGERING AV MYNDIGHET TIL FORMANNSKAPET

---

#### A) DELEGERING ETTER KOMMUNELOVA

---

- 4-1 *Generelle føresegner*  
Formannskapet har myndighet til å ta avgjersler i alle saker der slik myndighet er overført frå kommunestyret, eller fastsett i lov og forskrifter gjevne med heimel i lov.
- 4-2 *Inngå avtalar på vegne av kommunen*  
Formannskapet har myndighet til å inngå avtalar på vegne av kommunen med den føresetnaden at slike avtaler ikkje påfører kommunen vesentlige kostnader eller har konsekvenser av overordna karakter.
- 4-3 *Oppretting av komitear til å utføra tidsavgrensa oppdrag*  
Formannskapet har myndighet til å oppretta, omorganisera og leggja ned komitear som det sjølv har oppretta med heimel i denne paragrafen, og å vedta godtgjersle for desse komiteane.
- Det må i så fall umiddelbart søkjast om budsjettdekning.
- 4-4 *Hastevedtakskompetanse*  
Formannskapet har myndighet til å gjera vedtak i saker som skulle ha vore avgjorde av kommunestyret, når det er nødvendig at dei aktuelle sakene blir avgjorde så raskt at det ikkje er tid til å kalla inn kommunestyret (kommunelova § 13).

#### B) DELEGERING ETTER BUDSJETT- OG REKNESKAPSFORSKRIFTENE § 11

---

- 4-5 *Budsjettendringar*  
Formannskapet kan
- omfordela midlar mellom tenesteavdelingane innanfor den samla ramma som utgjer netto driftsutgifter for tenestene 1000-3999
  - disponera mindre tilleggsinntekter på finansieringskapitlet (teneste 8000-8999)

#### C) DELEGERING ETTER SÆRLOV

---

- 4-6 Formannskapet har det politiske ansvaret for tenestemråda oppvekst, kultur, helse og omsorg.

Dette gjev formannskapet myndighet til å treffa vedtak innanfor dei rammene og etter dei retningslinjene som følgjer av lover og forskrifter der kommunen har slik myndighet etter følgjande lover, med mindre myndigheta er lagt til eit anna folkevald organ eller til rådmannen:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m (hol)
- Pasient- og brukerrettighetslova
- Folkehelselova
- Lov om arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV-loven)
- Sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga
- Lov om helsemessig og sosial beredskap
- Barnevernlova
- Lov om psykisk helsevern
- Lov om vern mot tobakksskader
- Opplæringslova, inkl. musikk- og kulturskule
- Lov om barnehagar
- Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrarak (introduksjonslova)

4-7 *Avgift for gravplassfeste (Gravferdslova)*

Formannskapet fastset avgifta for feste av gravplass etter forslag frå kyrkjeleg fellestråd.

4-8 *Myndighet etter alkohollova*

Formannskapet kan fastsetja nærare retningsliner for bruken av løyva, og det skal vera den same kontrollen av desse løyvehavarane som ved andre løyve.

Formannskapet kan inndra sals- og skjenkeløyve for resten av løyveperioden, eller for ei kortere tid dersom vilkåra i alkh. § 1-7b ikkje lenger er oppfylte, eller dersom løyvehavaren ikkje oppfyller sine forpliktelsar etter denne lova eller føresegner gjort ut frå denne lova.

Det same gjeld ved brot på føresegner med utgangspunkt i anna lovgjeving når føresegnene har samanheng med føremålet for denne lova (alkh. § 1-8 a).

---

## D) ØVRIGE FØRESEGNER

---

4-9 *Ettergjeving av kommunale krav*

Formannskapet avgjer søknader om ettergjeving av avdrag, renter og andre krav når det gjeld kommunen sine husbanklån/startlån til vidare utlån, ettergjeving av andre kommunale krav og der myndighet til ettergjeving ikkje er gjeve til andre ved lov eller forskrifter med heimel i lov.

4-10 *Uttalelsar til kommunar, fylkeskommunen og statlege myndigheter*

Formannskapet har rett til, innanfor sitt ansvarsområde, på vegne av kommunen å gje høyringsuttalelsar, faglege uttalelsar o.l.

4-11 *Tildeling av kommunale tomter*

Formannskapet forvaltar tildelingsreglane. Formannskapet kan, når det ligg føre særlege grunnar, gje dispensasjon frå gjeldande reglar.

4-12 *Kultur og frivillige lag og organisasjonar*

Formannskapet forvaltar tildelingsreglane for kulturtilskot og tilskot til frivillige lag og organisasjonar. Formannskapet kan, når det ligg føre særlege grunnar, gje dispensasjon frå gjeldande reglar.

Formannskapet er styre for folkebiblioteket, jfr. folkebiblioteklova.



Formannskapet utøver den myndigheten som er lagt til kommunen i film- og videogramlova § 2 og stadsnamnslova § 6

Formannskapet er styre for kommunen sine kulturinstitusjoner når det ikkje er vedteke noko anna.

4-13 *Vegnamn*

Formannskapet fastset gate- og vegnamn, og avgjer andre kommunale namnesaker av offentlig betydning.

4-14 *Næringsutvikling, reiseliv og samferdsel*

Formannskapet har ansvaret for saker innan næringsutvikling, reiseliv og samferdsel, og har myndighet til å ta avgjersler i desse sakene.

Formannskapet skal ta hand om kommunen sine interesser på desse områda i kommunal, interkommunal og regional samanheng.

4-15 *Planstrategi og kommuneplan – innstilling til kommunestyret*

Kommunestyret vedtek planstrategi, planprogram og kommuneplan, samfunnsdel og arealdel. Vedtak i formannskapet tener som innstilling til kommunestyret.

4-16 *Fastsetta rådmannen si løn*

Formannskapet fastsett rådmannen si løn.

4-17 *Tilsetting av toppleiarar*

Formannskapet er tilsettingsmyndighet for rådmannen sine toppleiarar, jfr. HTA kap. 3.4.1.

## KAPITTEL 5

---

### DELEGERING AV MYNDIGHET TIL ORDFØRAREN

---

#### 5-1 *Hastevedtakskompetanse*

Ordføreren kan avgjera saker utan prinsipiell betydning som det elles ligg til formannskapet eller andre politiske utval å avgjera, i sommarferie, når ein ser på det som nødvendig at saka får ei rask behandling, og det ikkje er tid til å kalla inn til møte.

Ordføreren samrår seg, så langt dette er mogleg, med rådmannen og med leiaren for det aktuelle utvalet før det blir teke slike avgjersler, og ordføreren informerer desse om eventuelle avgjersler.

Avgjersler som ordføreren har teke etter dette punktet, blir melde inn til formannskapet eller det aktuelle utvalet i det første møtet etter ferien.

#### 5-2 *Ordføreren som kommunen sin representant*

Ordføreren er kommunen sin representant i årsmøte/generalforsamlingar der kommunestyret/formannskapet ikkje har utpeika annan representasjon. Ordføreren kan utpeika stedfortredar med fullmakt.

#### 5-3 *Tildeling av påskjøningsgåver*

Ordføreren kan, på vegne av kommunen, gje gåver eller annan oppmerksomhet til foreiningar/lag eller enkeltpersonar ved jubileer, åremålsdagar og andre særlege høve, innanfor ansvar 110 - teneste kommunestyre/formannskap .

#### 5-4 *Representasjon*

Ordføreren kan, innanfor ansvar 110 - teneste kommunestyre/formannskap - disponera midlar til utbetaling i samband med kommunen si handtering av gjestebesøk, vennsforbindelsar, representasjon m.v.

#### 5-5 *Servering av alkohol på kommunen si rekning*

Ordføreren kan servera alkohol i særlege høve i samband med tilstellingar/representasjon.

#### 5-6 *Avgjera kven som sørgjer for gravferda*

Ved usemje blant dei etterlatte avgjer ordføreren kven som skal sørgja for gravferda.

#### 5-7 *Krevja offentleg påtale, gje fullmakt til prosessfullmektig*

I samsvar med reglane i straffelova kan ordføreren krevja offentleg påtale på vegne av kommunen. Denne myndigheten kan ikkje delegerast vidare.

Ordføreren kan gje fullmakt til prosessfullmektig, jfr. tvistelova.

## KAPITTEL 6

---

### DELEGERING AV MYNDIGHET TIL FORVALTNINGSSTYRET

---

#### 6-1 *Ansvars- og arbeidsområde*

Forvaltningsstyret er fast utval og har det politiske ansvaret for kommunen sine forvaltningsoppgåver innafor plan, bygg, oppmåling, vva, landbruk, naturforvaltning og kulturminne.

#### 6-2 *Delegering etter særlov*

Forvaltningsstyret har delegert myndighet til å treffa vedtak innafor gjeldande rammer og retningslinjer der kommunen er gitt myndighet etter følgjande lover med forskrifter, med mindre myndigheta er lagt til eit anna folkevald organ eller til rådmannen.

#### *Lov om planlegging og byggesaksbehandling:*

Forvaltningsstyret har avgjerdsmynde i saker som er av prinsipiell karakter, mellom anna § 1-8 (forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag), kap. 19 (søknad om dispensasjon) og kap. 13 (mellombels forbod mot tiltak)

Forvaltningsstyre har vidare delegert myndighet til å:

- Utarbeide forslag til reguleringsplanar, jf. 12-1 2. ledd
- Fastsetja planprogram jf. § 12-9 3.
- Senda forslag til reguleringsplan på høyring, jf. § 12-10
- Legga ferdig behandla forslag til reguleringsplan fram for kommunestyret, jf. § 12-12. Vedtak i forvaltningsstyret tener som innstilling til kommunestyret.
- Vedta mindre endringar av reguleringsplanar, jf. § 12-14, 2. ledd
- Førebu klager på vedtatt reguleringsplan, eventuelt fremja forslag til endringar i vedtaket for kommunestyret og elles gi uttale og senda saka til departementet via fylkesmannen
- Treffa vedtak om mindre endringar i reguleringsplan eller vedta tillegg innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. § 12-14 2. ledd
- Bestemma om privat forslag til reguleringsplan skal tas opp til behandling, jf. § 12-11.
- Godkjenner utbyggingsavtaler, jf. kap. 17. Utbyggingsavtaler hvor kommunen opptrer som grunneier eller saker av prinsipiell karakter skal forelegges kommunestyret.

Kommunestyret vedtek planstrategi, planprogram og kommuneplan, samfunnsdel og arealdel. Vedtak i formannskapet tener som innstilling til kommunestyret.

Kommuneplan, samfunnsdel og arealdel, skal òg behandlast av forvaltningsstyret. Vedtak i forvaltningsstyret tener som innstilling til formannskapet.

#### *Øvrige særlover*

- Lov om friluftslivet (friluftsloven)
- Lov om forvaltningen av naturens mangfold (naturmangfoldloven)
- Lov om kulturminner (kulturminneloven)
- Lov om jord (jordloven)
- Lov om regulering av svine- og fjærfeproduksjonen
- Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom
- Lov om odelsretten og åsetesretten (odelsloven)
- Lov om skogbruk (skogbruksloven)

- Lov om forpaking (forpaktingsloven)
- Lov om matproduksjon og mattrygghet m.v. (matloven) med tilhørende forskrifter,
- Lov om ymse beitespørsmål (beiteloven).
- Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v.
- Lov om akvakultur (akvakulturloven)
- Lov om vern mot forurensning og avfall
- Lov om kommunale vann- og avløpsanlegg
- Lov om eigerseksjoner
- Lov om egedomsregistrering (matrikkelloven)
- Forskrifter om midler til investering og bedriftsutvikling I landbruket
- Vegloven (kommunen som vegmyndighet etter § 9)

Ved klage på vedtak fatta av rådmannen, skal forvaltningsstyret avgjera om klagen gir grunn for omgjering eller endring av vedtaket eller om klagen skal vidare sendast til fylkesmannen for klagebehandling.

### 6-3 *Omgjeringsrett*

Forvaltningsstyret kan av eige tiltak omgjere eit enkeltvedtak utan at vedtaket er påklaga, jf. delegeringsreglement pkt. 1-5 og forvaltningslova § 35. Omgjeringsretten er avgrensa til særlover underlagt forvaltningsstyret, jf. pkt. 6-2.

## KAPITTEL 7

---

### DELEGERING AV MYNDIGHET TIL FORHANDLINGSUTVALET

---

#### 7-1 *Arbeidsgjevarsaker*

Forhandlingsutvalet har det politiske hovudansvaret for dei sakene som er nemnde i kommunelova § 26.

Saker som gjev varige økonomiske eller andre konsekvensar blir sende direkte over til formannskapet for avgjersle.

#### 7-2 *Flytting av saker ved inhabilitet*

Forhandlingsutvalet behandlar saker som sorterer inn under administrasjonsutvalet, men som ein eller fleire lokale arbeidstakarorganisasjonar er part i.

Det same gjeld personalsaker der rådmannen er inhabil.

#### 7-3 *Setja rammer for lokale forhandlingar*

Forhandlingsutvalet legg rammene for forhandlingane med dei lokale fagforeiningene etter bestemmelsane i HTA (hovudtariffavtalen). Rammene rundt forhandlingane skal vera i tråd med føresetnadene i HA (hovudavtalen) og HTA, og skal fastleggjast før rådmannen sine lønnspolitiske drøftingar etter kapitla 3.4.2, 4 og 5 i HTA.

Rådmannen eller den rådmannen gjev fullmakt fører dei praktiske forhandlingane.

#### 7-4 *Setja rammer for rådmannen sine toppleiarar*

Forhandlingsutvalet har myndighet til å fastsetja rammer ved lokale forhandlingar etter kap. 3.4.1. i HTA.

Rådmannen fordeler deretter ramma som er gjeven i samtalar/forhandlingar med toppleiarane sine.

#### 7-5 *Kjøp og sal av fast eigedom*

Forhandlingsutvalet sitt ansvar og fullmakter ved kjøp og sal av fast eigedom er fastsette I kapittel 3 i dette reglementet.

## KAPITTEL 8

---

### PARTSSAMANSETT UTVAL ETTER KOMMUNELOVA § 25. ADMINISTRASJONSUTVALET.

---

8-1 *Myndighet for administrasjonsutvalet.*

Det skal vera eit partssammensett utval – administrasjonsutvalet – som skal ta hand om oppgåvene i kommunelova § 25 pkt. 1.

Utvalet foreslår og behandlar overordna retningslinjer for kommunen sin personalpolitikk, inkl. tiltak for likestilling og inkluderande arbeidsliv.

Utvalet behandlar saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsatte. Dette gjeld ikkje der avgjerslemyndighet i slike saker er lagt til eit anna organ eller til rådmannen.

Følgjande blir drøfta i jamnlege møte: Kvalitets-, fornyings-, og utviklingstiltak, oppfølging og implementering av nasjonalt vedtekne reformer, resultat frå KS sine kontaktar med statlege myndigheter og oppfølging av saker frå sentralt kontaktmøte.

Ein viser elles til Hovedavtalen del B § 4.

### KLAGENEMND

---

8-2 *Myndighet for klagenemnda*

Kommunen skal ha etter forvaltningslova § 28 ha ein intern klagenemnd. Klagenemnda skal behandle alle klager på kommunale vedtak som ikkje er lovregulert eller som etter lova ikkje høyrer til under anna myndighet.

## KAPITTEL 9

---

### DELEGERING AV MYNDIGHET TIL RÅDMANNEN

---

Myndigheten som i dette reglementet er gjeven til rådmannen er strengt avgrensa til å gjera vedtak i alle nemnde enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning, sjølv om dette ikkje i kvart tilfelle er presisert i detalj.

Enkeltbestemmelsane som er lista opp nedanfor, enten supplerer eller begrenser denne generelle regelen.

Bestemmelsen i § 9-1 gjeld alle saker, med dei unntaka som er nemnde.

---

#### A) DELEGERING ETTER KOMMUNELOVA.

---

##### 9-1 *Saksførebuing til behandling i politiske organ*

Rådmannen skal leggja fram saksutgreiingar med vurdering og tilråding til vedtak i alle folkevalde organ med unntak av kontrollutvalet. Denne myndigheten skal koma til uttrykk i saksutgreiinga frå rådmannen.

Saker som blir oversende frå eldrerådet og frå råd for funksjonshemma blir utgreidde på fritt grunnlag.

Myndigheten etter denne paragrafen er avgrensa til første leddet i den politiske behandlingsprosessen.

##### 9-2 *Tilskot til kulturanlegg*

Rådmannen avgjer saker om forskottering av offentleg tilskot til kulturanlegg ut frå vedtekte prosjekt.

##### 9-3 *Oppretting/inndraging av stillingar. Tilsettingsmyndighet. Endringar i den administrative strukturen*

Rådmannen kan innanfor ramma av budsjett/økonomiplan og innanfor lov- og avtaleverk:

- oppretta og leggja ned stillingar.
- føreta alle tilsettingar. Unntaket frå dette er toppleiarar, jfr. HTA kap. 3.4.1. Her er formannskapet tilsettingsmyndighet.
- føreta endringar i den administrative strukturen.

Ved vesentlige endringar skal formannskapet orienterast.

##### 9-4 *Personalsaker*

Rådmannen behandlar og avgjer alle personalsaker som ikkje eksplisitt er delegerte til andre organ, deriblant

- gjennomføring av lokale lønnsforhandlingar.
- lønnplassering av nyoppretta og nybesette stillinger innanfor rammene for Hovedtariffavtalen.

- 9-5 *Kulturtilskot og tilskot til frivillige lag og organisasjonar*  
Rådmannen kan tildela underskotsgaranti for kulturarrangement med inntil 6.000 kroner.

Rådmannen sine vedtak blir rapporterte til formannskapet.

- 9-6 *Formelt krav etter forvaltningslova pga. habilitetsreglene*  
Rådmannen har fullmakt til å vidaredelegera sin myndighet som underinstans i klagesaker på administrative vedtak i den grad hensynet til å finna praktiske løysningar gjer dette påkravd.

- 9-7 *Fullmakter i økonomiske saker*  
Når vedtak om låneopptak er gjort, godkjenner rådmannen lånevilkår, låneform og låneinstitusjon.

Rådmannen avgjer refinansiering av lån innanfor ramma for vedtak om avdragstid i kommunestyret, og lånevilkår, låneform og låneinstitusjon i denne samanhengen.

Formannskapet får melding om opptak av lån, val av låneinstitusjon og vilkår.

Rådmannen har myndighet til

- å ettergje beløp opp til same maksimalgrensa som skatteutvalet har myndighet til etter skattebetalingslova § 15-1 (3).
- å avgjere søknader om utsetting med betaling av kommunale krav
- å inngå avtalar (også rammeavtalar) om kjøp av varer og tenester.

I den grad det er inngått avtalar i betydelig omfang, skal rådmannen informera formannskapet ein gang i året.

- 9-8 Rådmannen har fullmakt til å sjå nettoutgifta/event. nettoinntekta for alle tenester innan kvar tenesteavdeling sitt ansvarsområde som ei samla budsjettamme. Budsjettjusteringar i utgiftsarter og inntektsarter treng ikkje gjerast, med mindre endringane er vesentlege.

- 9-9 Rådmannen har tilvisingsrett for alle budsjettpostar både i drifts- og kapitalbudsjettet

---

## B) DELEGERING ETTER SÆRLOV.

---

- 9-10 *Enkeltvedtak etter forureiningslova som er kurante*  
Rådmannen kan gjera enkeltvedtak i saker som skal behandlast etter reglane i forureiningslova, jfr. § 83 i lova.

- 9-11 *Når kommunen opptrer som nabo*  
Rådmannen opptrer på vegne av kommunen i saker som gjelder tilhøve som kjem inn under reglane i nabolova.

- 9-12 *Særlover underlagt forvaltningsstyre*  
Forvaltningsstyret har det politiske ansvaret for ein rekkje særlover, m.a. plan- og byggesakslova og landbrukslovgivinga. Ein viser til kap. 6 i dette reglementet. Rådmannen avgjer alle saker etter særlover nemnt her, som ikkje er av prinsipiell karakter og ikkje eksplisitt er lagt til forvaltningsstyret.



Mindre endringar og utfylling etter §12-14 i plan- og bygningslova er delegert til forvaltningsstyret. Mindre endringar som ikkje er prinsipielle kan gjerast av rådmannen.

9-13 *Overføringsordningar m.m.*

Rådmannen utøver kommunestyret sin myndighet ut frå sentrale bestemmelser, når det gjeld:

- overføringsordningar knytte til gjennomføringa av Jordbruksavtalen
- uttale til søknader om midlar som blir avgjort av Innovasjon Norge
- forskrift etter forureiningslova om husdyrgjødsel, forskrift om silopressaft og forskrift om begrensning av forurensning
- lov om svine- og fjørfeproduksjon, lov om forpakting, lov om matproduksjon og mattrygghet
- saker etter lov om vilt (viltlova)

9-14 *Tilskott til private tiltak*

Rådmannen kan tildele tilskott på inntil kr. 50 000,- til private tiltak innafor dei rammene som er avsett til ulike føremål i budsjettet eller øyremerkt ramme overført frå staten, medrekna støtte til privat utbygging av veg, vatn , kloakk, friluftstiltak samt næringsstøtte, marknadsførings - og utviklingsprosjekt næringsliv. SMIL-midlar vert tildelt av rådmannen.

9-15 *Avgrensa enkeltavgjørsler etter alkohollova*

Rådmannen har med heimel i alkohollova myndighet til å:

- tildela skjenkeløyve for øl/rusbrus/vin og brennevin for ein enkelt anledning. Ein enkelt anledning kan vara inntil tre dager
- tildela ambulerende skjenkeløyve
- godkjenna skifte av styrar og stedfortredar

9-16 *Servera alkohol på kommunen sin kostnad*

Rådmannen blir gjeven myndighet til å servera alkohol i særlege høve i samband med tilstellingar/representasjon.

Denne myndigheten kan ikkje delegerast vidare.

9-17 *Skiltmyndighet på kommunal vei*

Rådmannen utøver den myndigheten som ligg til kommunen i skiltforskriftene §§ 28 og 29, jfr. vegtrafikklova § 5 og § 43.

- 9-18 *Avgjersler knytte til barnehagedrift*  
Rådmannen gjer vedtak i saker heimla i barnehagelova og forskriftene som høyrer til. Dette inkluderer også tildeling av barnehageplass i kommunen etter dei reglene som er fastsette i kommunen for opptak av barn i barnehagar, og innanfor vedteke budsjett.
- 9-19 *Kommunale helse-, omsorgs- og sosialtenester*  
Rådmannen gjer vedtak i enkeltsaker knytt til
- lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga
  - helse- og omsorgslova
  - pasient- og brukarrettighetslova
  - folkehelselova og tilhøyrande forskrifter
  - lov om helsemessig og sosial beredskap
  - lov om psykisk helsevern
- 9-20 *Praktiseringen av tobakksskadelova*  
Rådmannen fører tilsyn med at reglane etter tobakksskadelova blir haldne.
- 9-21 *Spørsmål om salg av kioskvarer og lotteri*  
Rådmannen avgjer førespurnader/søknader om tilfeldig salg av kioskvarer og liknande på spesielle dagar som t.d. 17. mai. Rådmannen avgjer førespurnader/søknader om lotteri på offentlig grunn der politiet krever kommunen sitt samtykke.
- 9-22 *Tvangsinnlegging etter lov om psykisk helsevern og pasient- og brukarrettighetslova*  
Rådmannen får myndighet til å krevja pasientar med psykiatriske problem eller som ikkje har samtykkekompetanse tvangsinnlagde på institusjon, når vilkåra etter lov om psykisk helsevern eller lov om pasient- og brukarrettighetar kap. 4A er til stade.
- Kommunestyret føreset at rådmannen delegerer denne myndigheten til tenestemenn med den nødvendige fagkompetansen.
- 9-23 *Politianmeldelse*  
Rådmannen har myndighet til å politianmelda saker der kommunen er den fornærma parten.
- 9-24 *Opplæringslova*  
Rådmannen gjer vedtak i saker heimla i opplæringslova, inkludert kommunal kulturskule.
- 9-25 *Introduksjonsordninga m.v.*  
Rådmannen har myndighet når det gjeld lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrara (introduksjonslova).
- 9-26 *Forvaltning av Husbanken sitt regelverk*  
Rådmannen har kommunen sin myndighet etter husbanklova med dei forskriftene som høyrer til, m.a. vidarefordeling av tilskot til reduksjon av buutgifter for pensjonistar.
- 9-27 *Serveringsverksemd*  
Rådmannen behandlar alle saker som etter Lov om serveringsverksemd er lagde til kommunen.

- 9-28 *Samarbeid med NAV*  
Rådmannen har ansvar for dei oppgåvene som er nemnde i arbeids- og velferdsforvaltningslova (NAV-lova) om felles lokale kontor og samarbeid og oppgavefordeling mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten.
- 9-29 *Eigarseksjonslova*  
Rådmannen avgjer saker etter eigarseksjonslova som ikkje er av prinsipiell karakter.
- 9-30 *Oppmålingsforretning/matrikkellova*  
Rådmannen avgjer saker etter matrikkellova som ikkje er av prinsipiell karakter.

## KAPITTEL 10

---

### DELEGERING AV MYNDIGHET TIL ENKELTE TENESTEMENN

---

10-1 *Medisinsk-fagleg kompetanse, tobakkskade-, smittevernlov*

Det skal være en lege i kommunen som er medisinsk-fagleg rådgivar for kommunen, jfr. folkehelselova § 27.

Denne kan på vegne av kommunen fatte vedtak i saker om miljøretta helsevern innafor dei grensene som er fastsett i folkehelselova kap. 3.

Denne skal dessutan tildeles myndighet til å fatte vedtak med heimel i forskrifter i medhald av tobakkskadeloven.

Ein forutsett at rådmannen delegerar dette ansvaret til kompetent person. Ein forutsett det same for oppgåvene etter smittevernlova.

10-2 *Mellombels vedtak i akuttsituasjonar etter barnevernlova*

Barnevernleiar har det faglege ansvaret for kommunen sine oppgåver etter barnevernlova § 2-1. Barnevernleiar har myndighet til fatte mellombels vedtak i akuttsituasjonar, jfr. § 4-6.

10-3 *Brann- og eksplosjonsvern*

Kommunen skal ha ein fagperson som på kommunen sine vegne fungerer som brannsjef.

Brannsjefen har myndighet til å utføre oppgåver lagt til kommunen i brann- og eksplosjonsvernlova.

Brannsjefen har myndighet til å føre tilsyn med etterleving av lov om eksplosive varer, jfr. § 36 og, lov om brannfarlige varer, jfr. § 35 fjerde ledd.

10-4 *Beredskapsleiinga*

I krisesituasjonar, jfr. kommunen sin overordna beredskapsplan, har beredskapsleiinga myndighet til disponera inntil 2.000.000 kroner for å kunna møte behovet for umiddelbar økonomisk innsats.

Beredskapsleiinga har elles fullmakt til å nytte alle kommunale materielle og menneskelege ressursar.